



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Datatilsynet
Postboks 458 Sentrum
0105 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
25/2334

Dato:
16.02.2026

Tildelingsbrev 2026 – Datatilsynet

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, jf. Innst. 16 S (2025–2026), vedtatt 16. desember 2025.

Departementet gir i tildelingsbrevet Datatilsynet fullmakt til å disponere utgifts- og inntektsløyvingane for 2026, jf. reglement for økonomistyring i staten § 7. I brevet fastset departementet òg krav til Datatilsynet og delegerer fullmakter.

Saman med tildelingsbrevet legg hovudinstruksen rammene for verksemda til Datatilsynet i 2026.

Vi ber Datatilsynet ta opp eventuelle uklarleikar så snart som mogleg.

2. Overordna prioriteringar og utfordringar

Digitalisering er eit nødvendig verktøy for å løyse mange av dei store utfordringane i samfunnet. Noreg har derfor eit mål om å bli verdas mest digitaliserte land innan 2030. For å nå dette målet må vi sjå til at personvernet er sikra i all digitalisering. Den nasjonale digitaliseringsstrategien skal bidra til å sjå personvernet i eit heilskapleg perspektiv og sikre eit godt personvern for alle.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandlar
Kristine R. B.
Asmaro og
Ragnhild Sund

Samstundes som godt personvern er ein føresetnad for vellykka digitalisering, skaper digitale tenester enorme mengder informasjon om den enkelte. Informasjonen er verdfull og nødvendig i produksjon og utvikling av svært mange tenester. Målsettinga om auka deling av data i offentleg sektor kan utfordre personvernet og svekke tilliten innbyggjarane har til tenestene. Myndigheitene har derfor eit særleg ansvar for at personvernet til den enkelte er sikra ved utvikling og bruk av digitale tenester. Når personopplysningar blir delt og brukt på nytt, må det skje på ein personvernvenleg måte. Innbyggjarane må få god informasjon om korleis opplysningane blir brukt. Det er eit mål at innbyggjarane skal kjenne sine rettar, men ansvaret for eit godt personvern skal ligge hos verksemda som behandlar personopplysningane.

Digitale tenester er effektivt både for innbyggjarane, næringslivet og forvaltninga. Stabile, pålitelege og personvernvenlege system er grunnleggjande for at innbyggjarane skal ta i bruk digitale tenester frå både forvaltninga og næringslivet. Det er særleg viktig å sikre at barn, unge og sårbare grupper blir vareteke på ein god måte. Digitale tenester er ein stor del av kvardagen til barn og unge, men dei har andre føresetnader enn vaksne for å forstå konsekvensar av handlingar på nett og kva rettar dei har. Det er eit mål for regjeringa at barn og unge skal ha ein trygg oppvekst i eit digitalt samfunn. Alle må kunne bruke digitale tenester utan å frykte at personvernet blir krenkt. Derfor er det nødvendig å fortsette arbeidet for at dei som behandlar personopplysningar skal kjenne regelverket og forstå viktigheita av å iverksette tiltak for å etterleve reglane. Det offentlege må føre an og sikre gode og personvernvenlege løysingar.

Utanlandske aktørar kan vere involverte i behandlinga av personopplysningar når norske innbyggjarar bruker digitale tenester. Personvernforordninga føreset eit betydeleg samarbeid mellom dei europeiske personvernmyndigheitene. Både europeisk og anna internasjonalt personvernsamarbeid er avgjerande for at vi skal lykkast med å vareta personvernet til norske innbyggjarar, og sikre godt personvern både nasjonalt og internasjonalt.

3. Mål for 2026

Hovudmålet på personvernområdet er eit godt personvern for alle. Gjennom den kompetansen og myndigheita, og dei oppgåvene som følger av lov om behandling av personopplysningar 15. juni 2018 nr. 38 (personopplysningsloven) §§ 20 og 21 og generell personvernforordning 2016/679 artikkel 55 til 59, har Datatilsynet, som fagmyndigheit og tilsynsorgan, eit særleg ansvar for å bidra til å nå dette målet.

Regjeringa vil frem mot 2030 sikre personvernet i all digitalisering. Datatilsynet har ei viktig rolle i arbeidet for å oppnå dette. Alle relevante IT-løysingar i offentleg sektor skal ha innebygd personvern, og regjeringa skal sørge for personvernet til innbyggjarane i møte med dei store teknologiverksemdene.

Eit godt personvern for alle inneber at både innbyggjarar, verksemdar, organisasjonar og offentleg forvaltning skal kjenne og etterleve personvernregelverket. Datatilsynet skal arbeide for å auka kunnskapen om personvern hos alle desse målgruppene og bidra til praktisk og føreseieleg regelverksforståing, mellom anna ved å utvikle rettleingsrolla si. Datatilsynet skal òg sørge for effektiv handheving av regelverket. Som ledd i utøvinga av oppgåvene sine, skal Datatilsynet halda fram med å samarbeida med relevante offentlege organ der det er føremålstenleg.

3.1 Regulatorisk sandkasse for personvernvenleg innovasjon og digitalisering

For å legge til rette for utvikling av innovative løysingar som bruker personopplysningar på ein trygg og lovleg måte, skal Datatilsynet vidareføre drifta av ei regulatorisk sandkasse for personvernvenleg innovasjon og digitalisering. Tilsynet skal bruke 6 mill. kroner av budsjettet til å drifte sandkassa. I sandkassa kan offentlege og private verksemdar få tilpassa og dialogbasert rettleiing slik at dei kan utvikle og ta i bruk kunstig intelligens og annan innovativ teknologi på ein personvernvenleg måte. For at sandkassa skal gi nytte for flest mogleg, skal erfaringar og lærdom frå sandkasseprosjekta delast der det er naturleg.

3.2 Trygg oppvekst i eit digitalt samfunn

Regjeringa meiner det er nødvendig å gi barn og unge ein trygg oppvekst i eit digitalt samfunn. Som eit ledd i dette, får Datatilsynet i oppdrag å styrkje arbeidet med barn og aldersgrenser på sosiale medium. Datatilsynet skal bruke 1,5 mill. kroner av det tildelte budsjettet til arbeidet for trygg oppvekst i eit digitalt samfunn.

Datatilsynet skal halde fram arbeidet med å sette barn, foreldre og eksterne aktørar, som skular, idrettslag og foreiningar, betre i stand til å ivareta personvernet til barna, til dømes gjennom informasjon og rettleiing knytt til bruk av sosiale medium. Rettleiingsmaterialet bør vere tilpassa slik at skulane kan bruke det i undervisninga, og frivillige organisasjonar, foreiningar og liknande kan bruke det i si informasjonsformidling til barn og unge. På førespurnad skal tilsynet gi råd og rettleiing knytt til personvernvenlege løysingar for aldersverifikasjon. For å nå målet om ein trygg oppvekst i eit digitalt samfunn skal tilsynet nytte eigna verkemiddel, slik som tilsyn og rettleiing. Tilsynet skal halde fram samarbeidet med andre aktuelle aktørar der det er behov for det.

Vidare skal tilsynet styrkje det internasjonale arbeidet knytt til trygg oppvekst i eit digitalt samfunn. Tilsynet skal arbeide for at dei store teknologiselskapa tek omsyn til barn og unges særlege behov i tenestene dei tilbyr.

Datatilsynet skal omtale arbeidet for å ivareta personvernet til barn og unge på sosiale medium, mellom anna arbeidet med aldersgrenser, i årsrapporten.

3.3 Nasjonal digitaliseringsstrategi

Nasjonal digitaliseringsstrategi (2024-2030) set mål for framtidens digitale Noreg og angir tiltak regjeringa meiner er nødvendige for å sikre personvernet i digitaliseringa. Datatilsynet skal bidra i arbeidet med oppfølginga av strategien. Dette gjeld mellom anna rettleiing og handheving av personvernregelverket, å stimulere til utvikling og bruk av personvernvenleg teknologi og til meir bruk av bransjenormer, felles verktøy, erfaringsdeling og sertifisering for personvern.

3.4 KI-sandkassa i KI Noreg

KI Noreg er ein nasjonal arena for erfaringsutveksling, og eit bindeledd i offentleg sektor og mellom offentleg sektor, næringsliv, forskning og akademia. KI Noreg blir etablert som ei eining i Digitaliseringsdirektoratet (Digdir).

Datatilsynet, Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) og Digdir skal i samarbeid ha ansvar for den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga. Sandkassa vil vere organisatorisk plassert i KI Noreg. Datatilsynet skal bruke 3,9 mill. kroner av budsjettet til arbeidet med sandkassa.

3.5 Portal for éin inngang til nasjonal informasjon og rettleiing om kunstig intelligens

I samband med etableringa av KI Noreg skal Datatilsynet bidra i arbeidet med ein felles portal som skal fungere som éin nasjonal inngang til felles informasjon og rettleiing om ansvarleg utvikling, bruk og innovasjon med kunstig intelligens. Digdir skal leie arbeidet og ha hovudansvaret for drifta av portalen, samt sørge for effektiv samordning mellom involverte etatar. Frist: avtalast etter nærare dialog.

3.6 Nasjonal portal for digital sikkerheit (myndigheitsportalen)

Regjeringa har bestemt at det skal etablerast ein nasjonal portal for digital sikkerheit for å gjere nasjonale råd og anbefalingar tilgjengelege. Portalen skal vere ein felles inngangsport for ulike brukargrupper, men utforma slik at alle får råd tilpassa si brukargruppe. Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM) har i 2025 utvikla ein første versjon av ein nasjonal portal for digital sikkerheit i tett samarbeid med sentrale rettleiingsaktørar, mellom anna Datatilsynet. Tiltaket om ein nasjonal portal er eit sentralt og effektivt verktøy for rådgiving mot verksemder og ulike målgrupper. For å sikre eigarskap og relevans for portalen er det viktig at sentrale aktørar deltar aktivt i arbeidet som blir leia av NSM. Datatilsynet skal i 2026 bidra i arbeidet med portalen.

4. Andre føresetnader og krav

4.1 Fellesføringar 2026

4.1.1 Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Datatilsynet skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet.

Datatilsynet skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.

Datatilsynet skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

4.1.2 Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik.

Datatilsynet skal i årsrapporten oppgje tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2026. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2026 samanlikna med rapporteringa si for 2025.

4.1.3 Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere konsulentbruken ved å utvikle eigen kompetanse. Datatilsynet skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast. Datatilsynet skal i årsrapporten for 2026 rapportere om konsulentbruken og oppfølginga av fellesføringa, irekna om totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir nytta i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Datatilsynet skal som ein del av rapporteringa òg gi ei overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester.

Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærare i note til årsregnskapet. Dersom verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

4.2 Samarbeid med Digitaliseringsdirektoratet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

Dei siste åra har EU vedtatt ei lang rekke regelverk på det digitale området. Desse er, eller er i ferd med å bli, gjennomførte i norsk rett. Fleire av regelverka legg opp til at rettleiing og tilsyn kan delast mellom fleire nasjonale organ. Både Digdir, Nkom og Datatilsynet har, eller må rekne med å få, oppgåver etter fleire av desse regelverka. Nokre oppgåver kan vere til dels overlappende.

I 2025 inngjekk Digdir, Nkom og Datatilsynet ein overordna samarbeidsavtale med føremål om mellom anna å fremje samarbeid om nye regelverk på det digitale området. I 2026 skal verksemdene mellom anna samarbeide om å etablere, utvikle og drifte den regulatoriske KI-sandkassa etter KI-forordninga, samt arbeide vidare med korleis dei skal samordne rettleiinga om KI med utgangspunkt i ny nasjonal organisering på kunstig intelligens. I 2026 skal verksemdene fortsetje arbeidet med dialog og samarbeid.

4.3 Effektivisering i eiga verksemd gjennom mellom anna bruk av kunstig intelligens

Datatilsynets eiga verksemd må innrettast slik at oppgåver, mellom anna tilsynets rettleiingsaktivitet og saksavvikling, løysast mest mogleg effektivt. I Digitaliseringsrundskrivet er det ein anbefaling at verksemdar bør ha ein plan for bruk av kunstig intelligens for å løyse oppgåver meir effektivt. Datatilsynet skal derfor vurdere korleis bruk av kunstig intelligens kan bidra til å løyse eigne oppgåver meir effektivt, og ha ein plan for dette. Tilsynet skal òg sørge for at tilsette har god kjennskap til verksemda sine rutinar for bruk av kunstig intelligens.

Datatilsynet skal omtale arbeidet med effektivisering og bruk av KI i eiga organisasjon i årsrapporten.

4.4 Oppfølging av evalueringa frå DFØ om Datatilsynet

DFØ har på oppdrag frå DFD evaluert Datatilsynet i DFØ-rapport 2024:8 «*Både vaktbikkje og førerhund?*» Evalueringa tar for seg spørsmåla om korleis Datatilsynet varetek sine rollar og oppgåver og kva for forbetringar det er behov for i lys av framtidige utfordringar på personvernområdet. Datatilsynet skal følgje opp relevante funn frå evalueringa og omtale

framdrift og status i arbeidet i årsrapporten for 2025. I tillegg skal Datatilsynet gi ein orientering til departementet om framdrift og status i arbeidet i etatsstyringsmøtet 14.10.2026.

5. Budsjettildelingar

5.1 Budsjetttrammer 2026

I tråd med Stortingets vedtak blir følgjande utgifter tildelte og inntekter fastsette for Datatilsynet i 2026:

Utgifter

Kap. 1550 Datatilsynet		[tal i tusen kr]
Post	Nemning	Budsjett 2026
01	Driftsutgifter	91 622
	Sum kap. 1550	91 622

Budsjettet skal dekke drift og løpande oppgåver i Datatilsynet. Midla skal mellom anna dekke husleige, lønn, vidareutvikling og drift av IKT-system, utvikling av digitale kommunikasjonsløyningar, informasjons- og kommunikasjonstiltak, kompetanseutvikling, deltaking i internasjonalt personvernarbeid og lovpålagd samhandling med andre personvernmyndigheiter.

Budsjettet inkluderer 6 mill. kroner som skal dekke kostnader ved drift av ei regulatorisk sandkasse for personvernvenleg innovasjon og digitalisering (se punkt 3.1), 1,5 mill. kroner til arbeidet for trygg oppvekst i eit digitalt samfunn (se punkt 3.2) og 3,9 mill. kroner til arbeidet med KI-sandkassa (se pkt. 3.4).

Inntekter

Inntekter som blir ført på kap. 4550 Datatilsynet, post 85 Lovbrotsgebyr og tvangsmulkt kjem frå gebyr og tvangsmulkt for brot på personopplysningsreglane. Dette er ikkje midlar som Datatilsynet disponerer.

6. Fullmakter

Departementet delegerer budsjettmessige fullmakter til Datatilsynet for budsjettåret 2026 som omtalt nedanfor.

I tillegg gjeld dei administrative fullmaktene Datatilsynet har fått delegert i Hovudinstruks av 19.12.2024.

6.1 Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret

Fullmakta blir gitt på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.3.

6.2 Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Fullmakta blir gitt for kap. 1500, post 01, på dei vilkåra som går fram av R-110 pkt. 2.2.

7. Rapportering og resultatoppfølging

7.1 Styringsdialog og rapportering gjennom året

Tidspunkta for etatsstyringsmøte og rapporteringar i 2026 går fram av styringskalenderen i vedlegg 1.

7.2 Årsrapport og årsrekneskap for 2026

Datatilsynet skal sende årsrapporten for 2026 til departementet innan 10. mars 2027, med kopi til Riksrevisjonen. Årsrapporten skal tilfredsstille krava i Hovudinstruksen for Datatilsynet. Rapporten skal innehalde rapportering om måloppnåing og oppdrag omtalte i dette tildelingsbrevet, jf. pkt. 3 Mål for 2026 og pkt. 4 Andre føresetnader og krav, i tillegg til rapporteringskrava som følger av Hovudinstruksen. Saman med årsrapporten for 2026, skal Datatilsynet sende risikovurderingar av mål og strategiske prioriteringar for 2027.

For årsrapport for 2025 gjeld krava til rapportering som følger av tildelingsbrevet for 2025, hovedinstruks datert 19.12.2024 og eventuelle andre rapporteringskrav. Datatilsynet skal sende ein korrekt, dekkande og komplett årsrapport til departementet. Årsrapporten skal ikkje endrast etter at han er sendt til departementet, med mindre det er særskilde forhold som gjer det nødvendig.

8 Budsjettmessige føresetnader

Datatilsynet har ansvar for å planlegge verksemda i 2026 slik at dei kan nå måla innanfor løyvingane som er stilt til disposisjon i dette brevet, jf. reglement for økonomistyring i staten § 9 og Bestemmelser om økonomistyring i staten pkt. 2.2.

Datatilsynet kan ikkje overskride utgiftsløyvingane eller bruke dei til andre føremål enn føresett av Stortinget, jf. løyvingsreglementet § 5.

Datatilsynet har ansvaret for å sette i verk tiltak slik at det ikkje oppstår behov for å auke løyvinga. Departementet føreset at Datatilsynet rapporterer om vesentlege endringar i budsjettføresetnadane med ein gong dei inntreff.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Åste Marie Skullerud
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Vedlegg: Styringskalender for Datatilsynet for 2026

Kopi til: Riksrevisjonen

[Riksrevisjonen](#)

[Postboks 6835 St. Olavs plass](#)

[0130](#)

[OSLO](#)

Vedlegg
Styringskalender for Datatilsynet for 2026

<i>Månad</i>	<i>Rapportering/møte</i>	<i>Tidspunkt</i>
Januar	Rapportering til statsrekneskapen	19.01.2026
Februar	Innspel til RNB 2026	20.02.2026
Mars	Årsrapport for 2025	10.3.2026
	Risikovurderingar av mål og oppgaver for 2026	10.3.2026
April	Etatsstyringsmøte 1, inkl. gjennomgang av årsrapport	8.4.2026
Mai	Innspel til rammefordeling 2027	30.4.2026
	Innspel til Prop. 1 S (2026-2027)	30.4.2026
	Budsjett- og rekneskapsstatus per 30.4. med prognose ut året	26.5.2026
Juni		
Juli		
August		
September	Budsjett- og rekneskapsstatus per 31.8. med prognose ut året	18.9.2026
	Innspel til nysalderinga 2026	18.09.2026
Oktober	Etatsstyringsmøte 2, inkludert dialog om budsjett 2028	14.10.2026
November	Innspel til nye satsingar 2028	3.11.2026
	Innspel til innsparingstiltak 2028	3.11.2026
Desember	Innspel til tekniske justeringar (for 2028)	30.11 2026